

Stord kommune - RBO

Dato: 19.08.2014  
Vår ref.: 2014/17184-8  
Saksbehandlar: anjsetr  
Dykkar ref.:

## **Offentleg ettersyn - Områderegulering for gnr/bnr 23/1 m.fl., Sævarhagen - Haga - Nedre Økland, Stord kommune - utsatt frist**

Hordaland fylkeskommune viser til dykkar brev datert 1.7.2014 og seinare korrespondanse i saken. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi ber om utsatt svarfrist i denne saken, jf. §9, 2 ledd i Lov om kulturminne til 31.10.2014 for å avklare omsynet til automatisk freda kulturminne i planen. I dette ligger det et atterhald om at dei arkeologiske registreringene blir bestilt i rimelig tid slik at dei kan utførast innafor fristen.

Arkeologisk registrering kan berre utførast på bar og frostfri mark. Kartlegging av kulturminna er avhengig av klimatiske tilhøve, og er difor sesongbasert arbeid i perioden april-november. Etter den kulturhistoriske kartlegginga må ein vidare rekne med tid til handsaming av reguleringsplanen sitt tilhøve til eventuelle kulturminne. Dette kan både innebere drøftingar med tiltakshavar om endringar i planen, eller søknad om frigjeving av kulturminne, der Riksantikvaren og Universitetsmuseet i Bergen også krev tid til sine fråsegner.

I brev av 4.12.2013 til oppstartsmeldinga varsla vi at det var naudsynt med ei arkeologisk registrering i planområdet. I vårt brev av 12.06.14 sendte vi dykk kostnadsoverslag for den arkeologiske registreringa. Saka er sendt over til Bergens Sjøfartsmuseum då dei har varsla at dei kan krevje ei marinarkeologisk registrering i sjøområda på offentlig ettersyn.

Planen er slik den står i dag i konflikt med nasjonale verneinteresser og undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt, jf. vårt brev datert 12.8.2014. Vi har ikkje mottatt skriftlig godkjenning av vårt kostnadsoverslag. Vi har ein avtale om møte med Stord kommune 3.9.2014 for å gå i gjennom konfliktpunkter i planen.

Vi vil minne om at kulturminnevernet har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 månader etter at reguleringsplanen er lagt ut til offentlig ettersyn for å gje fråsegn i saka. Om tiltaka råkar automatisk freda kulturminne kan vi krevje ein ytterlegare frist på inntil 1 månad jf. § 9, 2. ledd i kulturminnelova. Om kostnadsoverslaget ikkje vert akseptert i god tid innanfor denne fristen vil Hordaland fylkeskommune vurdere å gå til motsegn, med grunnlag i at planen ikkje er tilstrekkeleg opplyst når det gjeld kulturminne.

Vi ber om at de sender ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om organisasjonsnummer eller personnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar. I kommunar der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp.

Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggest fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Konflikt med automatisk freda kulturminne er grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn til planen før den arkeologiske og marinarknologiske registreringa er utført.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*